

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 12.10.2021

Til stades: Ole Gisle Vassel, Angunn Handegard Trå, Marta Samland, , Kenneth Vikane, Oddmund Skeie, Liv Bente Steiro og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Jan Tore Huus, Tirill Eiken, Thorleif Gjernes

Referent: Kaia

Sak 2021/58: Godkjenning av innkalling og dagsorden. Godkjent

Sak 2021/59: Godkjenning av referat frå styremøte 14.09.2021. Godkjent

Sak 2021/60: Eigedomar:

- Leigetakar i barnehagedelen på kulturhuset frå 01.11.21. Husleigeavtale godkjent av styret. Styret ryddar ut/vaskar snarast. Leiar avklarar inventar med leigetakar, og får avtalen signert.
- Kulturhuset, høgt avløpsgebyr. Ullensvang kommune refunderer Herand bygdelag for mykje innbetalt avløpsgebyr i 2020 og 2021. Kulturhuset stipulerast til eit forbruk på 50m³ pr år. Næringseigedom er pålagt målar, og dette må og monterast i Meieriet.
- Privat leigetakar søker om forlenging av leigeavtale for lagerlokale i deler av «rektorkontor» for perioden 01.10.2021 – 31.05.2022. Styret forlenger ikkje avtalen, og leigetakar skal være flytta ut innan 20.10.21.

Sak 2021/61: Tilstellingar:

- Bygdelagsbasar i romjula, 29.12. Styret oppdaterte gevinstliste. Takk for alle gåver så langt! Sånn det ser ut no, vert det basar med sal av årer i gymsalen 29.12!
- Frivilligsentralen; Middagstreff for seniorar "Saman til mat og kultur". Torsdag 21. oktober kl. 13 - 15 i Matsalen på Kulturhuset i Herand. Påmelding til Frivilligsentralen. Marta Samland leiar kjøkkengjengen, planlegginga er i rute.

Sak 2021/62: Økonomi:

- Oppfølging og status for nærmiljøanlegget (Angunn): Totalbudsjettet er på rett over 2 millionar. Kasserar gjekk igjennom innkomne gåvemidlar. Fyrste faktura til Sandvik Play er betalt. Kasserar tek kontakt med kommunen for å høyre om forskotering av dei resterande 300.000,- av tippemidlar. Me har fått gåvemidlar på kr 115.000,- frå Sparebanken Vest (eldsjelmidlar), tusen takk!
- Sparebankstiftinga Hardanger har godkjent at me omdisponerer gåvemidlar frå varmpumpe i gamle barnehagen til ny ytterdør i kjellaretasjen på baksida av kulturhuset.

Sak 2021/63: Nærmiljøanlegget:

Status framdrift (Kaia): Grunnarbeidet er ferdig, dette har vore noko meir omfattande enn forventet. Bygging av apparat startar onsdag 13.10, då kjem Sandvik Play for å leie arbeidet. Målet er å bygge, forskale/støype og klargjere for gummidekke i løpet av 14 dagar. Så her vert høve til å delta på dugnad! Me set stor pris på all hjelp og alle bidrag!

Sak 2021/64: Andre saker/eventuelt:

- Nye tilflyttarar, blomhelsing og eit års abonnement på Herand Bygdeblad. Lage liste til neste styremøte.
- Luren 4H – 50 års jubileum. Bygdelaget ordnar gåve til haustfest 24.10.
- Kommunen har fjerna bosspann ved brua og badeplassen for sesongen. Dette er dumt med tanke på hundeposar og annet søppel/bruk. Ole sjekkar om det er mogleg med et heilårsbosspann, for eksempel ved fortau i båthamna.
- Bygdelaget sender innspel til Strategisk næringsplan i Ullensvang kommune. Styret vedtok samrøystes uttale framlagt av leiar.

Neste styremøte tysdag 09.11.21 kl. 19.00 på Herand kulturhus